

Kvifor ikkje barnehage i Nygårdsgaten?



TAR SENTRUM I BRUK: Livet i sentrum vil bli rikare med fleire barnehagar her, og det finst mange ubrukte byrom som ungar vil ha glede av å ta i bruk, meiner arkitekten som har planlagt ein låg barnehage innimellom høge byhus.

Vesle Haaken gav mamma Hege ideen. Ho har planlagt ein barnehage i Nygårdsgaten. Byen vil tena på å la ungene ta i bruk dei urbane strøka, meiner Hege Hellebø.

EVA RØYRANE
JAN M. LILLETØ (foto)
eva.royrane@bt.no

FRAMFØRE det kvite trehuset i Nygårdsgaten 72 er det ein liten plass. Bakom, i eit smalt smau, ligg to murhus. Den nyutdanna arkitekten Hege Hellebø har planen klar for ein ny barnehage her i byens mest urbane strøk. Ho har brukt desse husa som utgangspunkt for diplomoppgåva si på arkitektskulen.

Dei gamle fasadane vil ho ta vare på, innsida av husa vil ho fylla med rom og skrånande rampar mellom desse tilpassa eit aktivt barnehageliv. Bakerst i anlegget plasserer ho mellom anna soverommet, ei halvklimalisert sone der ungene kan ta dagens lur i eiga vogn. Lengst framme mot gata der det også er mest lys, er opphaldsromma.

– Poenget er at ungene skal vera nær dagleglivet i byen og byen skal sjå borna, seier Hege Hellebø. Sensorane av diplomoppgåva hennar var så begeistra for løysinga at dei premierte henne med utmerking. To andre av årets diplomstudentar ved arkitektskulen fekk likande fjør i hatten.

HAAKEN på 21 månader bur i Skuteviken med mor og far. Barnehagen hans ligg ved handelshøgskulen.

– Mange må kjøra ungene sine mykje lenger enn oss til og frå barnehagen kvar dag. Vi er mange som set pris på å bu sentralt i byen, difor bør det byggjast fleire nye barnehagar i sentrum, seier arkitekten.

Dette krev regelendringar. I dag er kravet at ein barnehage skal ha uteareal som er seks gonger så stort som innearealet. Hege Hellebø meiner barnehagen kan skaffast uteareal ved å ta byen i bruk. Ho har funne fleire ubrukte byrom som ho meiner kan bli fine boltreområde.

HELLEBØ har til dømes teke i bruk den verna bensinstasjonen i Lars Hilles gate til ein slags teikneverkstad for ungene. I ein bakgard har ho laga hengjande små rom som ungar og vaksne kan dra på spennande utflukter til. Til dei minste borna har ho planlagt eit lite uteareal i tilknytning til barnehagen.

Ho meiner dei låge bygga i Nygårdsgaten har ein målestokk som passar for potensielle små brukarar.

BARN MIDT I NYGÅRDSGATEN: Hege Hellebø blei mor til Haaken og har gjennom han fått erfaring som har kome til nytte i arbeidet med diplomoppgåva som ho la til Nedre Nygård. Det er for få barnehagar i sentrum, altfor mange må kjøra borna sine til og frå barnehagen, meiner ho.

